



Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane

Vik Kommune
Boks 134
6891 Vik i Sogn

FRÅSEGN OM REVIDERT AREALDEL AV KOMMUNEPLAN FOR VIK KOMMUNE

FNF - Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane er eit samarbeidsforum mellom natur- og friluftsansjonane på fylkesnivå, og har som formål å ivareta natur- og friluftsansjonane i aktuelle saker. FNF arbeider også for å sikre areal for eit aktivt friluftsliv. Friluftsliv er eit viktig bidrag til berekraftig utvikling, og vern om naturen er å sikre livsgrunnlaget for oss sjølve og komande generasjonar. Friluftsliv er ei kjelde til livskvalitet, naturoppleving og betre folkehelse.

Om Norges Jeger og fiskerforbund i Sogn og Fjordane:

Norges Jeger- og Fiskerforbund er den eneste landsdekkende interesseorganisasjon for jegere og fiskere i Norge. NJFF sentralt er og ein pådrivar for at Noreg skal ivareta sine avtalefesta internasjonale forpliktingar i arbeidet med vern av dei gjenverande atlantiskandiske lakse-stammene som er i sterk tilbakegang i heile utbreiingsområdet for laksen. NJFF Sogn og Fjordane er programforplikta til å ivareta skjøtselen av dei anadrome stammene og utvikle/leggje til adgangen til fiskeopplevingar – også sjøfiske innanfor fylket. NJFF er en partipolitisk nøytral organisasjon, men har et sterkt jakt-, fiske-, og naturpolitisk engasjement i mange saker. NJFF Sogn og Fjordane er den regionale overbygginga for NJFF sine 26 lokallag i Sogn og Fjordane. Det er omlag 3800 medlemmer i fylket vårt. Vik Jakt og Fiskelag er eit av lokallaga i fylket. Sjå:

http://www.njff.no/portal/page/portal/sogn_og_fjordane

Om Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane:

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane er fylkeslaget til Norges Naturvernforbund som er landets eldste natur- og miljøverneorganisasjon, 100 år i 2014. Naturvernforbundet arbeider for å ta vare på natur og miljø slik at menneskeleg verksemd ikkje påfører naturen større påkjenningar enn den toler. Sjå: <http://naturvernforbundet.no/sognogfjordane/>

FNF Sogn og Fjordane leverer fråsegna på vegne av følgjande organisasjonar: Vik Jakt og Fiskelag og Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane.

Arealdelen av kommuneplanen er grundig og deltaljrik, og organisasjonane kan ikkje finne mange punkt som treng kommentar. Vi ser ikkje at det er naudsynt å gå inn i alle detaljar i planen, vi vil likevel trekke fram ein del positive punkt, men og kommentere enkelte ting som ikkje er så bra i planen.

Omsyn til villrein:

- Det er viktig at dei kjende områda til villreinen vert halden utanfor all utbygging og anna påverknad. Reinen sine område er allereie sterkt avgrensa og oppdelt av menneskeleg påverknad (hytter, vegar, kraftutbygging mm). Det er såleis positivt at hytteområda Fosse – Skjelingen / Vikafjellet er avgrensa / trekt ut av arealplanane. Fortettinga av feltet på Vikafjellet vil organisasjonane likevel tilrå at ikkje vert gjennomført. Den auka ferdsla i området som vil følge med meir hyttebygging vil virke negativt på reinen.
- Planane for idrettsanlegg i Øvre Bødalen / Storehaug er og redusert av omsyn til villrein, men ei evt bygging av alpinanlegg i randsona til villreinen kan virke negativt, spesielt om skitrekking vert nytta som utgangspunkt for fjellturar inn i villreinområda.
- Det er nevnt i planen at ein framtidig Vikafjellstunnel kan betre forholda for reinen avdi vegen ikkje i same grad vil vere ei barriere. Utan å kome med fleire kommentarar til planane om tunnel i denne omgang, vil vi slutte oss til synspunkta om dei positive verknadane det vil ha for villreinen om hovuddelen av trafikken mellom Vik og Voss ikkje lenger går over fjellet. Ein redusert trussel frå biltrafikk og menneskeferdsle i området vil utan tvil vere eit gode.

Omsyn til naturmiljø mm:

- Det er eit generelt positivt trekk ved planen at verdfulle område for rekreasjon, friluftsliv og naturområde med særlege kvalitetar skal skjermast for utbygging og inngrep utover tilrettelegging for friluftsliv. Organisasjonane vonar denne tilrettelegginga blir skånsom og at det enkle friluftslivet vert prioritert.
- At hytteområdet på Seimfjellet er trekt ut for ikkje å kome i konflikt med omsynssone til naturmiljø ser vi på som svært gledeleg.
- Det same gjeld at det ikkje er føreslege nye inngrep eller endringar i freda / verna NML-område. Slike inngrep ser vi på som svært alvorlege, det skulle ikkje vere naudsynt å ha otte for at det som er freda eller verna ikkje får vere i fred for inngrep. Vi reknar og med at Vik kommune er stolt over å ha ein del naturområde og kulturminne som vert tatt vare på for framtida.
- At arealdelen ikkje inneber reduksjon av INON-område i kommunen er og svært positivt. Den sterke reduksjonen som har vore i slike område dei siste tiåra har ført til ei frykt for at ein i løpet av få tiår kan stå heilt utan område frie for inngrep. Det er å håpe at Vik kommune sitt gode eksempel vil føre til at fleire kommunar og utbyggjarar kan gjere det same.
- Tilbakeføring av strandoneareal frå byggeområde til LNF- og friluftsområde utgjør og eit stort pluss i arealdelen av kommuneplanen. Presset på strandsona har vist ei sterk auke, og alt som kan hindre reduksjon av friluftareal i strandsona er gledeleg. Vik kommune tar med det sin del av ansvaret for å sikre lett tilgang for folk. Ein restriktiv politikk her er og viktig (som nemnt i kommuneplanen) i framtida når Vikafjellstunnelen måtte kome og det blir enklare for nye grupper å kome seg til Sognefjorden.
- Den generelle skjerminga av dyrka / dyrkbar jord så langt som råd er gledeleg. For å sikre matvareforsyninga i framtida etter kvart som folkesetnaden i verda aukar, er det viktig å ta vare på mest mogleg av matjorda.

Utbygging og utvikling av tettstader:

- Arealplanen legg opp til fortetting av tettstader. Dette er viktig for enklare og rimelegare å leggje til rette for gang- og sykkelveggar, utbygging av kollektivtransport, og for å spare areal som ikkje er bygd ut. For Vik kommune gjeld dette i størst grad i og rundt kommunesenteret, men og bygdene Arnafjorden, Vangsnes, Feios og Fresvik må i hovudsak følgje same utvikling.
- All utbygging må ha som mål å leggje til rette for minst mogleg transport, og såleis få lave CO2-utslepp.

Så langt vi kan sjå er den reviderte arealdelen av kommuneplanen i grove trekk eit godt utgangspunkt for ei god og framtidsretta utvikling i Vik kommune med omsyn på friluftslivet, natur, miljø og .

Med venleg helsing

Vik Jakt og Fiskelag

Morten Jacobsen, leiar



Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Marit Vøien Nes, leiar



Sakshandsamar hos Forum for natur og friluftsliv er:

Ove Eliassen, prosjektmedarbeidar - mobil: 90259490 - ovedfnf@gmail.com